




Det vart sølv igjen for Hjørnevåg, men dette biletet av dagleg leiar Marit vart teke då det vart sølv sist - i 2008.

Det vart sølvmedalje nok ein gong til Brødrene Hjørnevåg i NM. Medaljen vart utdelt i kategorien fiskepudding. Uskedalen-verksemda har fått sølv i same kategori i 3 tidlegare Noregsmeisterskap i sjømat etter årtusenskiftet. Børnes-bedrifta har også fått ein sølvmedalje for fiskekaker og ein bronsemedalje for fiskepudding. I kategorien fiskekaker vart det tredje plass denne gongen. Hjørnevåg var også med i kategorien fiskekarbonadar, men her vart det ingen medalje.



Hjørnevåg har høge ambisjonar - dette er frå den ferske nettsida.

Dagleg leiar Marit Hjørnevåg seier til uskedalen.no like etter utdelinga på Norges Varemesse på Lillestrøm i føremiddag at ho er godt fornøgd sjølv om det ikkje vart gull denne gongen heller. Hjørnevåg var ein av 17 bedrifter som var inviterte til overrekkjing av 37 medaljar under NEF-dagane. Det var fiskeri- og kystminister Lisbeth Berg-Hansen som sto for overrekkinga. Berre 3 andre bedrifter på Vestlandet var nominert på førehand.

Dei 2 medaljane er eit ytterlegare prov på at Hjørnevåg held den høge faglege standarden oppe. Verksemda verkar også solid økonomisk sett.

Rekneskapen for fjoråret føreligg ikkje enno. men nøkkeltala for dei 2 føregåande åra 2008 og 2009 var desse: Driftsresultat 1. 225.000 og 1.978.000, resultat før skatt 666.000 og 1.683.000, driftsinntekter 28.172.000 og 29.794.000. Eigenkapitalandelen auka frå 32,7 til 33 frå det eine året til det andre.

Hjørnevåg har høge ambisjonar og sjølvtilitt. På ei heilt fersk og innbydande nettside kan ein finna setningen 'og vi synes sjølv vi lagar landet sin beste sjømat'. Ferske råvarer, lang erfaring (frå 1948) og ei ukuelig yrkesstoltheit er verdas beste utgangspunkt, blir det slege fast på heimesida, der det blir opplyst at det no er 12 tilsette.

Av Ola Matti Mathisen